

Hei, Kristina, Maria og Matilde!

Eg kan nok hjelpa dokker litt på veg her, ja.

Eg veit at det årlege energiforbruket i Longyearbyen historisk har vore ca. 110 GWh, fordelt på ca. 70 GWh varmeenergi og ca. 40 GWh elektrisitet. Elektrisitetsforbruket er riktig nok litt i endring for tida: då kolkraftverket vart stengt i oktober 2023 så forsvann òg eit betydeleg stort straumforbruk som gjekk til reinseverket til kolkraftverket. I tillegg er det vedtatt at den siste kolgruva til Store Norske, Gruve 7, skal stengast sommaren 2025, og då forsvinn endå ein av dei største straumforbrukarane. Totalt meiner eg at reinseverket og Gruve 7 utgjer rundt 25 % av det totale historiske straumforbruket i Longyearbyen, altså rundt 10 GWh, men dette må de ev. få verifisert av andre.

Anbefaler at de sjekkar ut informasjonen som står på nettsidene til Longyearbyen lokalstyre («kommunen» her) og Svalbard Energi AS (energiverket):

Lokalstyre: <https://www.lokalstyre.no/groenn-omstilling.581705.no.html>

Svalbard Energi: <https://www.svalbard-energi.no/>

Anbefaler at de les 'Energiplanen' for Longyearbyen, som blei publisert for ca. eitt år sidan. Vedlagt her.

Til info så er det altså Lokalstyret og Svalbard Energi som har ansvaret for energiproduksjon og distribusjon i Longyearbyen (og ikkje Store Norske, der eg jobbar), samt at det er dei to aktørane som har ansvaret for den komande energiomstillinga som Longyearbyen skal gjennom. De vil kunna finna relevante kontaktpersonar i lenkene over.

Når det gjeld spørreundersøkelse, så er dessverre ikkje det noko eg kan hjelpa dokker med å publisera/spreia. Dette har litt med den rolla eg har som prosjektleiar i Store Norske Energi, og potensiell rolle-/interessekonflikt i forbindelse med pågåande energiomstillingsplanar. Eg vil heller anbefala dokker å sjekka ut Facebook-sida Ros & Info Longyearbyen (ALT skjer på Facebook her i Longyearbyen...), og posta eit innlegg der med lenke til spørreundersøkelsen. Det ser eg tidt og ofte at andre studentar gjer, når dei ønsker å nå ut til befolkninga her, så eg trur de kan få god respons på det der 😊

Håper dette var litt til hjelp. Lykke til med bacheloren!

God helg! 😊

Mbh



Mons Ole Sellevoid

Prosjektleder fornybar energi

Store Norske Energi AS

Mobil: 412 65 424

E-post: mons.sellevoid@snsk.no

Longyearbyen, Svalbard

www.snsk.no | [Fakturainformasjon](#)



Frå: Kristina Kvitne <596226@stud.hvl.no>

Send: fredag 26. januar 2024 14:04

Til: Mons Ole Dyvik Sellevold <mons.sellevold@snsk.no>

Kopi: Maria Blankenburgh Nilsen <596231@stud.hvl.no>; Matilde Waage Eikill <602092@stud.hvl.no>

Emne: Bachelor om kjernekraft på Svalbard

Hei Mons Ole,

Me er tre jenter som skriv bachelor innen energiteknologi på HVL. Me har prata litt med Viljar og Nils Ottar Antonsen, og fant ut at me skulle ta kontakt med deg. Me lurte på om du kunne hjelpt oss med to ting.

Me trenger tal på elektrisitet og varmeforbruket til innbyggjarane i Longyearbyen, men slit med å finna tal på dette på nettet. Lurte på om du visste, eventuelt veit om nokon me kan spørja for å finna denne informasjonen. Treng og tal på kull og diesel produksjon. Trenger tala frå dei siste fem åra.

Me har og laga ei spørjeundersøking angående elektrifisering av Longyearbyen og treng hjelp med å spreia denne blandt innbyggjara busette på Svalbard. Er dette noko du eventuelt og kunne hjelpt oss med?

På forhånd takk! 😊

Mbh.

Kristina Kvitne, 596226@stud.hvl.no, tlf.: 94167998

Maria Blankenburgh Nilsen, 596231@stud.hvl.no, tlf.: 97766294

Matilde Waage Eikill: matildeeikill@hotmail.com, tlf.: 90160337

Energiteknologi bachelor, Høgskulen på Vestlandet, Bergen



**Western Norway
University of
Applied Sciences**